



Trygve Øvstebø frå Åkra med hannhunden Svart Hundens Castor som gjekk heilt til topps. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Utstillingen til Hordaland Elghundklubb på grusbana i Uskedalen laurdag var prega av høg kvalitet og ein hannhund frå Åkra vart best i strålande utstillingsver.**

**Svart Hundens Castor til Trygve Øvstebø gjekk til topps medan den beste tispa var Svart Hundens Frøya til Svein Inge Djursvoll og Tore Storhaug frå Nedstrand.**



Sjeldent innslag i utstillingen: Kozakk til Kåre Langhelle i Sandnes som er ein vestsibirsk laika. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Totalt vart det stilt 36 hundar og svarthundane var naturleg nok i klar majoritet med 31. Fire gråhundar og ein vestsibirsk laika kompletterte biletet.





Leiv Trygve Varanes vart påskjønta for avlsarbeid. (Foto: Ola Matti Mathisen)

At ingen Uskedalshundar var å finna på lista kjem slett ikkje av at bygda er eit elghundfritt område. Uskedalen har faktisk ein svart elghund som har vunne så å seia alt som vinnast kan. På den andre sida opopfanga vi denne replikken frå ein annan entusiast frå bygda: - Eg har også svarhund, men han har ingenting her på utstillingen å gjera!



Førstepremie for gråhunden Veiderens Enja fekk Sigurd Hegland frå Matre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men om det ikkje var med nokre hundar herifrå var det tvertimot mange fine hundar å sjå frå andre bygder i Kvinnherad og ein av dei gjekk altså heilt til topps. Mange har svarhund og prisar han for framifrå jakteigenskarar. Ein sa det slik i dag: - Det er utruleg kor roleig bikkja er. Jo nærare vi kjem dyret, jo rolegare er ho! Og Leiv Trygve Varanes frå Utåker vart særdeles fortent påskjønta for innsatsen sin for 'elghundens sak'. Resultatet av avlsarbeidet hans vart behørig presentert gjennom resultatlista, som førebels ikkje ligg føre.

Og apropos replikkar: Noko av det viktigaste ved ein slik utstilling er dei sosiale og faglege sidene. Ikkje minst seier hunde-eigarane mykje positivt om hundane sine.

Grusbana i Uskedalen var ellers ein framifrå stad for eit slikt arrangement, som vart sikkert leia av eldsjelen Anita Lie. Men det er ingen tvil om at ein gudbrandsdøl var sjølve krumtappen. Christian Vole frå Lom er ein framifrå dommar og gjekk særdeles grundig til verks også denne gongen. Dei som måtte meine at han er for grundig skal veta kor mykje dei sakkunnige karakteristikkane betyr for utstillarane. Då får det ikkje hjelpa at tidsramme sprekk litt. Marit Sande frå Vinje var ein like ypperleg ringsekretær.

Av Ola Matti Mathisen